



Helse Førde
Postboks 1000

6807 FØRDE

Vårt saksnr:	18/549
Arkivkode:	G00 &13
Sakshandsamar:	Svein Arne Skuggen Hoff
Telefon:	91888868
Dykkar ref:	
Dato:	17.06.2018

MELDING OM VEDTAK - Høring - Høyringsutkast rapport Prosjekt prehospitala tenester – fase 1 Helse Førde

Kommunestyret handsama i møte 24.05.2018 sak 22/18. Fylgjande vedtak vart fatta:

Vedtak:

Balestrand kommune har sidan 01.09.13 ikkje hatt eigen ambulanse. Dette har vore ei lite tilfredsstillande ordning for innbyggjarane som framleis er urolege og utrygge i høve til den akuttmedisinske beredskapen.


Den nye akutforskrifta har vore med på ytterlegare å gjere arbeidsdelinga mellom helseføretaka og kommunane tydelegare, i den akuttmedisinske kjeda. Kommunane har sjølve eit ansvar for å ha ein 24-timars akuttmedisinsk beredskap med legar som kan rykke ut ved akutte hendingar. Balestrand kommune har difor etter at denne forskrifta kom på plass, arbeidd for å finna forsvarlege løysingar for at kommunane skal kunna ivareta den akuttmedisinske beredskapen 24 timar i døgnet. Me er difor i ferd med å få på plass ei beredskapsordning med sjukepleiarar på vakt som skal rykke ut ved akutte hendingar mellom klokka 15:00 og 08:00 neste dag.

Utfordringa for Balestrand kommune er:

1. At me er med i ei legevaksordning i Førde frå klokka 15:00 og 08:00 som ikkje kan ivareta plikta til å rykke ut med lege ved akutte hendingar.
2. At ambulansen er plassert i Høyanger noko som gjev lang responstid og er utfordrande i høve samtidskonfliktar.

Balestrand kommune må difor etablera egne ordningar for å kunna tilfredsstilla krava til akuttmedisinsk beredskap i eigen kommune. Me får ikkje kompensert for kostnadane og må dekkja desse innanfor ein allereie stram kommuneøkonomi.

I høve høyringsutkast har Balestrand kommune følgjande merknader:

Adresse: Kong Beles veg 20 6899 BALESTRAND E-post: postmottak@balestrand.kommune.no Internett: balestrand.kommune.no	Sentralbord: 57 65 12 00 Telefaks: 57 69 12 05 Bankgiro: 3805.07.00043 Bankgiro for skatt: 6345.06.14183 Organisasjonsnr: 970 184 252	
---	---	---

1. Den skisserte legevaktspiloten her teke inn over seg dei utfordringane Balestrand kommune har i høve akuttberedskapen innanfor dagens legevaktsordning. Me støttar difor ein søknad om deltaking i denne piloten.

Samstundes ber me om at kostnadsfordelinga blir vurdert som ein del av denne piloten. Det vil seia at dei ekstra kostnadene som Balestrand kommune blir påført må dekkast innanfor ordninga.

2. Balestrand kommune meiner responstida for ambulansen plassert i Høyanger er uakseptabel. Med ein ambulanse plassert i Balestrand vil ein avlasta og styrka beredskapsordninga som ein no er i ferd med å få på plass. Akutthjelparordninga må slik sett bli eit supplement og ikkje ei erstatning for ambulanse.

Samrøystes.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
Rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til: